| | | | |
|---|---|---|---|
| SANDNES KOMMUNE<br><br>**MØTEREFERAT** | MØTETYPE:SU<br>MØTE NR.: 1 2025<br><br>DATO:05.03.2025<br>STAD: Høle skule<br>MØTELEIAR:<br>Roar Wold<br>MØTEREFERENT:<br>Arvid Strand | Høle barne- og ungdomsskule | |

| | |
|---|---|
| **Til stades:** | Roar Wold, Anne Gro Hamre, Gina Osaland, Linn Vold, Vebjørn Watsend, Wenche Alsvik, Hilde Hommeland, Martine Vold og Arvid Strand. |
| **Forfall:** | |
| **Sendast og:** | Politisk sekretariat og Utval for kultur og oppvekst gjennom 360. |

| Saker | | Ansvar |
|---|---|---|
| SAK 01/25 | Referat frå SU-møte 04.12.24<br><br>Protokoll godkjent | |
| SAK 02/25 | Elevundersøkinga 2024<br><br>Det er fin framgang på mange sentrale områder i undersøkinga, mellom anna på læringskultur og trivsel. Vidare jobber vi nøye med “Arbeidsmetoder i fag”. Oppfølging av elevundersøkinga vi foregå i klassane, på trinna og med at to elevar frå kvar klasse møter rektor og går gjennom.<br><br>SU tek saka til etterretning | |
| SAK 03/25 | Ståstedsanalyse 2025<br><br>Dette er eit refleksjons - og prosessverktøy for støtte til arbeidet med kvalitet i skulen.<br>Resultata blir tilgjengelege for skuleeigar og dannar eit kildegrunnlag for utviklingssamtalen som skuleeigar har med leiinga, elevrepresentantar og SU-leiar på Høle skule fredag 21.03.2025.<br><br>SU tek saka til etteretning | |

| | | |
|---|---|---|
| SAK 04/25 | Årsrapport HMS 2024<br><br>I HMS-gruppemøte nr 1 vedtek vi å arbeide for desse måla i 2025:<br><br>• Fast møtedag for alle tilsette kvar veke i SFO, kor ROS-analyser for turar og handlingsplanar skal vere ei rutine. Det skal også velgjast eit verneombod for SFO for feriane, og dermed sikre at dei tilsette alltid har eit verneombod å forholde seg til.<br>• Alle tilsette skal få tilbod om influensavaksine.<br><br>SU tek saka til etteretning | |
| SAK 05/25 | Resultatvurdering 2024<br>Rektor la fram resultatvurderinga, nokre hovudtrekk:<br>• Læringsresultat: framifrå på alle område med unnatak av leseutvikling mellomtrinn.<br>• Sjukefråvær: elevar 3,66 %, tilsette: 2,48%<br>• Økomomi: meirforbruk på for året, men fin innhenting for hausten.<br><br>SU tek saka til etterretning | |
| SAK 06/25 | Skulefagleg kompetanse og kvalitetsvurdering<br><br>Skulane skal jamnleg vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa fører til at vi når måla i læreplan og krava i opplæringslova.<br><br>I SAK 04/24 vedtok SU å fortsetje eit skuleår til med skulebasert vurdering, då i ein overgangsfase mellom to opplæringslovar. Rektor ber om å få kome tilbake til SU med ei løysing for korleis vi i Sandneskulen skal utføre vurderinga frametter.<br><br>SU vedtek skulebasert vurdering slik den blei lagt fram i SU møte.<br><br>Samrøystes | |
| SAK 07/25 | Driftsbudsjett 2025.<br>Vi kan legge fram den veldig gode nyheiten om at driftsbudsjettet har auka med kr 750 pr elev!! Denne auka i tildeling gjer det mogleg å legge inn budsjett også for valfag, noko som klubben og SU ved Høle skule har etterlyst. Vidare ser vi at praktiske oppgåver i K&H no let seg gjennomføre og dermed kan vi nå måla om ei meir praktisk undervisning.<br><br>SU vedtek driftsbudsjettet slik den blei lagt fram i SU møte.<br><br>Samrøystes | |
| SAK 08/25 | Eventuelt | |

| | | |
|---|---|---|
| | | |